

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Reglement for valnemnd IKAMR, Godkjend i representantskapsmøte 28.04.2017

Reglement for valnemnd IKA Møre og Romsdal IKS

Verv valnemnda skal levere framlegg om til representantskapet

Valnemnda innstiller overfor representantskapet til følgjande verv:

- Styret
- Valnemnd
- Leiar og nestleiar for representantskapet

Sammensetting av valnemnda

Valnemnda blir vald av representantskapet kvart år og består av leiar og to medlemmar. Det skal veljast tre varamedlemmar. Valnemnda bør fortrinnsvis bestå av representantskapsmedlemmar eller varamedlemmar. Medlemmane av valnemnda kan ikkje ha andre tillitsverv i selskapet. Det bør leggjast vekt på at medlemmar til valnemnda har kontaktnett politisk og administrativt i kommunane og fylkeskommunen. Representantskapet vedtar dei honorar som skal betalast til medlemmane av valnemnda. Valnemnda sine utgifter skal dekkjast av selskapet.

Styret i IKA Møre og Romsdal IKS

Styret i IKA Møre og Romsdal IKS er samansett av fem medlemmar med fem personlege varamedlemmar som blir valde av representantskapet etter forslag frå valnemnda.

Valnemnda skal leggje vekt på erfaring, kvalifikasjonar og evne til å arbeide som medlemmar av IKA Møre og Romsdal IKS sitt styre på ein tilfredsstillande måte ved vurdering av kandidatar.

Styremedlemmane blir valde for fire år, men heile styret skal ikkje fråtre samtidig, jf. selskapsavtalen § 11, 2.ledd. Grunnen er at styret skal sikrast kontinuitet.

Prosedyre

Dagleg leiar i IKA Møre og Romsdal IKS kallar inn til møte i valnemnda to månader før representantskapsmøte.

Valnemnda leverer skriftleg framlegg til representantskapet på kandidatar til verva som er på val. Valnemnda skal munnleg grunngi sitt forslag på representantskapsmøte.

Valnemnda skal også leggje fram forslag til honorar til styremedlemmane og styreleiar.

Valnemnda sitt arbeid

Ved val av medlemmar til styret skal det leggjast vekt på følgjande:

- At styret får den kompetansen som er nødvendig for selskapet
- At styremedlemmane har gode samarbeidsevne
- Ei representativ samansetjing og minimum 40% representasjon av kvart kjønn
- Ivaretaking av selskapets interkommunale eigarskap

Særlege eigenskapar som kan leggjast vekt på ved val av styremedlemmar:

- Styreleiar bør ha leiarerfaring og kompetanse i styrearbeid
- Medlemmar av styret bør ha og/eller vere villige til å tileigne seg ulik kompetanse som styret har behov for ut frå situasjonen til styret og selskapet
- Medlemmane bør ha eigenskapar og/eller erfaring som vil styrke totalkompetansen til styret

Valnemnda blir oppmoda til å ta kontakt med medlemmar i det sitjande styret for å avklare om dei kan tenke seg attval dersom valnemnda innstiller på det.

Før valnemnda tilrår dei foreslegne kandidatane, skal kandidatane bli spurt om dei er villige til å motta vervet som styremedlem eller eventuelt styreleiar. Berre kandidatar som har stadfesta at dei er villige til å ha slike verv, kan gjerast framlegg på til representantskapet.

Under representantskapsmøte er det tillate med benkeforslag, men alle som blir gjort framlegg på må ha sagt seg villig til å stille til val.